

Årsmelding frå ungdomsutvalet:

Ungdomsutvalet har i år bestått av Geir H. Stølen, Oddvar Fredriksen, Hans Fredrik Vatnedal og leiar Siv Tone Rossevatn. Då det i fjor haust viste seg vanskeleg å finne det siste medlemmet til ungdomsutvalet gjekk Hans Fredrik frå vara til fast medlem. Dette gjer at varamedlemsvervet har stått ubesett. Tilbakemeldingane frå dei som vart spurt om å sitje i ungdomsutvalet var at dei ikkje ønska dette, men gjerne ønska å bidra. Dette har vi vært bevist på og delt ut konkrete oppgåver til personar utanfor styret. Dette har fungert bra, så ein stor takk til dei som har bidratt. Vi har i år hatt eit styremøte, dette for å planlegge inneverande år og fordele litt ansvar. Som tidlegare har Kenneth Stubstad teke seg av å søke pengar frå Vest-Agder Barne- og ungdomsråd (VABUR). I år fekk vi 21 800 kr noko som er litt mindre enn tidlegare år. Dette er midlar som kjem svært godt med i arbeidet.

15 m:

Sørlandsmeisterskapet i Mandal/Holum.

20 aspirantar frå samlaget deltok, noe som er bra, men hadde gjerne sett at fleire ulike lag hadde aspirantar som deltok. Det er vidare verdt å merke seg at Holum var einaste skyttarlag frå samlaget som stilte med deltakarar i R. I dei andre rekrutteringsklassane var det betre fordeling mellom fleire ulike lag.

Samlagsstemnet :

Her deltok 10 aspirantar, fleire av desse deltok ikkje på Sørlandsmeisterskapet så dei finnes tydelegvis rundt om i laga, vi må bare få dei ut på stevnar til andre lag. Totalt var det 19 deltakarar i kl R, ER og J.

Felt:

I årets feltkarusell var det 14 R, ER og J som deltok, av desse var det 9 stk som fullførte karusellen. Det er kjempe bra at ein så stor del av dei som har deltatt har fullført karusellen, men det er verdt å merke seg at det er skyttarar frå Holum og Mandal skyttarlag som stikk av stad med samtlege premiar i karusellen. Og at det i R berre har vore ein deltakar i karusellen visar at det er stor moglegheit for forbetringar. Dessutan er det mykje gøyare når ein har nokon å konkurrere med og mot. Det er tydeleg at det må arbeidast med å få opp interessa for feltskyting blant fleire lag i samlaget.

Samlagsstemnet felt vart gjennomført i snøvær og vind i Eiken. Under samlagsstemnet var Jonas Øksendal åleine om å delta i klasse R, slik som han også var åleine om å fullføre karusellen. Gledelig er det at det er 2 aspirantar som tok turen ut i snøvêret for å skyte felt. Alvilde Røyselend leverte sterke 30/30 innleiande og vart samlagsmeister med 42/11. Henry Torleif Jenssen vant J.

På LDKS Felt var også Holmsfolket saman med Mandal dei ivrigaste og var saman med ein skyttar frå Farsund dei einaste som deltok. Det er flott å sjå at det er lag som også klarar å få ungdommen til å skyte felt også eit stykke utanfor eige samlag. Håpar dette kan spreie seg til andre lag og.

Banasesongen:

På årets Landsdelskretsstemnet i Lyngdal deltok 20 skyttarar frå rekrutteringsklassane. Sigve Vidringstad i kl R kom til finalen og i klasse eldre rekrutt var det som vanleg hard kamp om plasseringane. Ida Marie Biktjørn frå Lyngdal imponerte stort innleiande og skaut 250. I finalen følgde ho oppå med 100 og klarte dermed for første gong 350 p og vart medlem i 350 klubben. Men dette heldt ikkje til seiar, men til ein fin fin andreplass, bare 2 sentrum bak vinnaren. I tillegg var Alvilde Røyseland og Hanne Vidringstad også i finalen, men med 249 som utgangspunkt var det lite å gjer med toppen. I junior kom det og ei lita overrasking når Inga Lill Rossevatn skaut 248 og gjekk saman med Karen Oline på 247p vidare til finalen. Her var det ikkje full klaff poengmessig. Vest-Agder stilte som tidlegare år med 2 lag i samlagssskytinga. Desse nådde dessverre ikkje heilt opp, men som kjent så er ikkje det viktigaste og vinn men å delta.

Under LS stilte vi med lag i samlagssskytinga, laget besto kun av jenter i år. Desse skaut bra og Vest-Agder landa på 392p noko som heldt til ein 27. plass. Noko som poengmessig er litt svakare en tidlegare år, men det kan sjåast i samanheng med varierende vind under skytinga. Under heile LS syns vi ungdommen verka til å kose seg, enten det var med kortspeling på eige initiativ eller andre aktivitetar. Dette på tross av at vi budde spredt under veka i Oppdal.

Samlagsstemnt bane: I nybegynnarklassen aspirant deltok det i år 7 skyttarar, blant desse merkar ein seg spesielt at Norheim hadde fleire av desse. Til saman deltok 21 stk i klasse R, ER og J. Samla sett så er dette litt færre deltakara enn i fjor. Vidare er det gledelig at 2 lag deltok i lagskytinga, særlig med tanke på at eit "heilt lag" var konfirmantar denne dagen. Oppfordrar fleire lag som har moglegheiter til å stille lag til nettopp gjere dette. Å stille lag på samlagsstemnet kan om ikkje anna vere ei målsetning for ungdomsarbeidet i året som kjem.

Banekarusellen: I år var det total 26 ungdomar som har delteke på stemnar i karusellen, noko som er mindre enn dei 4-5 siste åra. Av desse var det 17 stk som hadde nok stemnar til å fullføre karusellen. Vinnaren i R var Jonas S. Øksendal, Alvilde Røyseland i ER og Ruth Jane Rossevatn i J.

Fullstendig oversikt over vinnarar av karusellar, samlagsstemnar og landsdelsstevnar finn ein i årsmeldinga frå samlagsstyret.

Ungdomsstevnet Numedal:

I likskap med dei siste åra arrangerte ungdomsutvalet fellestur til Ungdomsstevnet i Numedal. I år var vi totalt 23 stk som reiste opp, av desse var 14 ungdommar. Desse deltok på 2 banestemnar, eit feltsstemne og utallige forsøk på stang og felthurtig. I "fartsdisiplinane" vart myta om trege sørlendingar gjort til skamme. Og det kom tydelig fram at enkelte hadde trent på felthurtig og stang i sommar. Både Espen Stubstad og Jonas Øksendal fekk 2 plass på felthurtig, med tidene 9.54 sek og 8.62 sek. Karen Øksendal si tid på 7,66 heldt bare til 5 plass i ER. R og ER starta i ferdigstilling, mens junior starta ståande. På dei ulike stemnane var det også moglegheit for å melde på lag, dette gjore Holum med stor suksess, dei fekk 3. plass på lagskyting felt med 90 treff. Turen til Numedal resulterte i premie til samtlege som deltok, noko som er ein del av opplegget.

Også i år vart det gjennomført ulike samlingar med fokus på skyting og det sosiale rundt. Første samling fann stad på Laudal 15. mai. Her var rekrutteringsskyttarar og første års senior invitert til å delta. I alt deltok 18 stk på samlinga, spesielt gledelig var det å sjå nye ungdommar møte opp, i tillegg til eit par nye seniorskyttarar. På denne samlinga var Bjørn Vidringstad med som instruktør, i tillegg

hjelpete fleire andre til. Samlinga fekk gode tilbakemeldingar frå ungdommen og fleire uttrykte glede over å få prøve seg på kneskyting på 200m.

I juli arrangerte vi ein samankomst med fokus på feltskyting, denne kvelden var vi i Holum. Her nytta vi oss av det flotte anlegget med elektroniske feltskiver og moglegheiten for stang og felthurtig både for salong og grovkaliber. Denne kvelden var det 16 stk som deltok på samlinga og mange foreldre som var med når vi kosa oss med grillmat etter endt skyting.

Den årlige samlinga i Lyngdal var i år frå 19.-20. okt. I år var det ein nedgang i antall deltakarar, totalt var vi 22 stk som overnatta på Rosfjord. Programmet var stort sett det same som tidlegare år. Gledelig er det at det stadig kjem nye skyttarar som ønskjer å vere med i «skyttarfamilien». Tilbakemeldingane frå dei som nye var at dette var gøy, i tillegg til at dei vart betre kjend med dei andre rekrutteringskyttarane. I år var det svært få som deltok på kurset for sisteårs junior/nye seniorar. Dette av fleire ulike grunnar.

Ungdomsutvalet ser no at vi må endre litt på samlingane, då dei har vore ganske like i fleire år no, og vi opplever at nokon gjev uttrykk for at dette har dei vore med på tidlegare og er dermed ikkje så engasjert. Om nokon skulle ha idear, tips eller andre bidrag er det berre å ta kontakt med oss.

Som ein del av DFS sin langtidsplan hadde vi på hausten besøk av ungdomskonsulten Nils Erik Lundon frå skyttarkontoret som heldt ungdomsledar kurs for laga i Vest-Agder samt Agder og Aust-Agder. Dette er var ein spanande kveld med deltaktar frå fleire lag i Vest-Agder.

Ungdomsutvalet vil også ønske Karen-Oline Jacobsen frå Holum lykke til med skuleåra på skyttarlinja ved NTG Lillehammer. Vi håpar du får lærerike år og med tida delar kunnskapen med oss andre i samlaget.

Ein ser at ungdommen som er aktivt med på stemnar er veldig aktiv og at flesteparten også er med på felt. Men vi hadde gjerne sett at fleire skyttarlag klarar å få med rekrutteringsskyttarar ut på stemnar og at ein beheld skyttarane også etter at dei er blitt senior. Vi var i kontakt med Agder om det hadde vore ein moglegheit og fått på plass ei samarbeid der ein samla skyttarar som er i overgangen mellom junior og senior, i håp om å behalda dei lengre. Dette vart det dessverre ikkje noko av i år.

Tilslutt ønskjer vi å takke samlagsstyret for at dei er så positive til det arbeidet vi gjer, og at vi blir prioritert også økonomisk. Ein stor takk også til alle foreldra som stillar opp på turar og samlingar, og velvillig bidrar med praktiske oppgåver. Utan dykke hadde det vore meir begrensa kva vi hadde klart å få til.

Helsing:

Ungdomsutvalet